



Brand Factory Norge AS
Postboks 98 Furuset
1001 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1667 - 18/17508

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
04.06.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 196/111 Midtgård

Tiltak: Skilting
Byggjestad: Gbnr: 196/111 Leknesvegen 254
Tiltakshavar: Eknes Karosseri AS
Ansvarleg søkjar: Brand Factory Norge AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.05.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, og difor ikkje oppfyller krava til søknad med 3 vekers sakshandsamingsfrist. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samtykke frå Statens vegvesen til plassering av frittstående skilt på eigedommen gbnr 196/16.
2. De skriv at noko er sendt til Statens vegvesen, utan å spesifisera kva det er. Send oss ein kopi.
3. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 391, som er 15 m frå vegmidte, ifølgje kommuneplan for Lindås 2011 – 2023. Det er kommunen som handsamar søknaden, etter å ha innhenta uttale frå Statens vegvesen.

Vi deler søknaden i to:

- 1) Ei tre-vekerssak for fire skilt
- 2) Ei 12-vekerssak for det frittstående skiltet i vegkanten

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **20. juli 2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|------------------------|-----------------|------|-----------|
| Brand Factory Norge AS | PB 1084 | 1705 | SARPSBORG |
| Eknes Karosseri AS | Leknesvegen 254 | 5915 | HJELMÅS |

Mottakarar:

| | | | |
|------------------------|---------------------|------|------|
| Brand Factory Norge AS | Postboks 98 Furuset | 1001 | OSLO |
|------------------------|---------------------|------|------|